



Kartverket tinglysingen v/ Marit Stensrud
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1127 - 18/8990

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

24.04.2018

Retting av avvik mellom grunnbok og matrikkel GBNR 10/3 FNR 1

Knr 1256 Meland vert 01.01.2020 slått saman med Knr 1260 Radøy og Knr 1263 Lindås. Den nye kommunen vert knr 4631 Alver.

I samband med avvikslister er det funne at matrikkeleining 10/3 fnr 1 i Meland kommune er utgått i matrikkel og består i grunnboka.

Det er funne dokumentasjon på at denne festetomta som er oppretta / tinglyst 27.02.1892 gjeld eit areal som alt i 1898 vart skylddelt til gbnr 10/8 (9.des 1896), tinglyst 27/5 1897.

Både festekontrakta på 10/3/1 og skyldelinga til gbnr 10/8 er til skomaker Karl Andersen. Begge er beskrive å gjelde alt oppsett våningshus og hage til dette. Begge dokumenta beskriv likelydande rett til «å gå om min grund frå sitt hus til biveien ved nøstene.» Skylddelinga legg til «samt vei til den nuverende brønd».

Tomta 10/8 har også vore eigd av Ture Andersen Andersen- etterkomar etter skomaker Andersen inntil 1997.

Festekontrakta som er tinglyst 27.05.1892 gjeld for skomaker Carl Olai Andersen si levetid, og er vel å sjå som utgått då han døyde i 1954.

Det er ingen heimelsopplysningar i grunnboka og ingen grunndata registert.

Det vert med dette bedt om at gbnr 10/3 fnr 1 vert sett som utgått i grunnboka.

Vedlagt kopier frå grunnboka, oppretting av feste 10/3/1 og skylddeling for 10/8.

Med helsing

A. M. Gullbrå

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Festekontrakt 10_3_1

Skylddeling_10_8




Gunn R. Jacobsen